



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
30.03.2016  
Dykkar dato  
25.02.2016

Vår referanse  
2014/12722 421.4  
Dykkar referanse  
14/5248

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Uttale - Offentleg ettersyn - Lindås - Gnr 63 Bnr 11 17 og 38 - Bergåsstranda Naustområde - Myksvoll - Reguleringsplan

Vi viser til brev av 25.02.2016 med melding om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Bergåsstranda naustområde, Myksvoll. Høyringsfrist er 09.04.2016.

Fylkesmannen har nokre merknader til planen.

#### Arealkategori

Område utanfor kaia er sett til friområdet og i føresegn 3.1 står det: «*I FR skal båtane fortøyast med baugen inn mot K2 og med ile i sjø.*» Dette blir feil arealkategori. Område utenfor K2 bør stå som hamneområde i sjø (Sosi-kode 6220).

Vi er også kritisk til at arealføremålet *fritidsbebyggelse* går heilt ned til sjøen. Det er ikkje heldig ut frå strandsoneomsyn at tomta ligg som byggjeområde heilt ned til sjøen sjølv om det er byggjegrænse rundt hytta. Det bør vere eit område ned mot sjøen med arealkategori grønstruktur eller liknande.

#### Risiko og sårbarheit

Fylkesmannen kan ikkje sjå at akseptkriteria i ROS-analysen er definert på ein tilfredstillande måte. Det er ikkje definert kva som er meint med omgrepa knytt til sannsynlegheit og konsekvens. Analysen presiserer heller ikkje om det er tale om liv og helse, miljø eller materielle verdiar. Dette må gjerast.

Pbl. § 4-3 krev at alle risikotilhøve skal vurderast. TEK 10 definerer kva som er akseptabel risiko på nokre område, mellom anna flaum og skred. På andre område må kommunen sjølv definere kva som er akseptabel risiko.

Vi viser her til rettleiar frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) «*Samfunnssikkerhet i arealplanlegging – Kartlegging av risiko og sårbarhet*». Denne er tilgjengeleg på DSB sine nettsider [www.dsb.no](http://www.dsb.no). I tillegg må DSB sine nettsider om klimatilpassing nyttast. Her finn de informasjon om korleis klimatilpassing skal takast inn i planarbeidet, om spesifikke klimautfordringar (havnivåstiging, ekstremvær, flom, skred og overvatn), om roller, ansvar og regelverk m.m.

<http://www.dsb.no/no/Ansvarsomrader/Regional-og-kommunal-beredskap/Klimatilpasning/Klimatilpasning-i-plan2/Reguleringsplan/>

Vi vil her poengtere at de ikkje må nytte ROS-vedlegget i reguleringsplanretteiaren frå Miljøverndepartementet, då det ikkje er i samsvar med krava i TEK 10.

Vi viser til « NS 5814:2008 Krav til risikovurderinger». Av denne går det fram at akseptkriteria skal definerast før sjølv ROS-analysearbeidet tek til. Akseptkriteria bør, sidan dei kan medføre økonomiske konsekvensar, vere forankra i kommunestyret. Vi viser i så måte til kommunelova §§ 44 og 45. Av praktiske omsyn kan det også vere naturleg å tenke lik prosess for ROS-analyser etter plan- og bygningslova som for ROSanalysar etter «sivilbeskyttelseslova», utdjupa i forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2.

Vi set det som ein føresetnad at akseptkriteria i ROS-analysen vert definert i samsvar med TEK 10.

Med helsing

Arve Meidell  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*